

NR. 1

JANUAR 1984

17. ÅRG.

VEGVISAREN

Døperen Johannes var en av de første som fortalte at Jesus er Guds sønn, Messias, Frelseren.

I Joh. 1.29-34 kan vi lese hans vitnesbyrd. Johannes hadde forstått at Jesus var Frelseren verden hadde ventet på. Han så det derfor som sin oppgave å være vitne, vegviser, for andre.

På middelalderens malerier kan vi se Døperen stå og peke på Jesus, og ofte er han malt med en altfor stor pekefinger. Det er et godt bilde av ham. Hele personen er dominert av hans viktige oppgave: Å vise veg til Jesus og vitne om han.

Framhald s. 4

Marit Stokken og Irene Krokeide til Indre og Ytre Arna



Sja nærare program s. 3.

KONTINGENT 1984

Med eit nytt år kjem også tida for å betala ny kontingent. Ved dette nummeret ligg ein postgiro innbetalingsblankett til det. Sjå meir om dette på side 2

GODT NYTT ÅR

«MI KYRKJEBOK» til 4-åringar i Arna kyrkjelyd

Arna kyrkjelyd prøver no å få kontakt med dei borna som vart døpte i 1980.

Vi sender ut eit brev med invitasjon til familiegudstenesta søndag 22. januar.

Her vil 4-åringane få kvar si bok som heiter «Mi kyrkjebok». Det er Institutt for Kristen Oppseding (IKO) som gjev ut boka, og den er no i bruk i svært mange kyrkjelydar rundt om i landet. Boka er sjølvstøtt å få både på bokmål og nynorsk.

«Mi kyrkjebok» er meint som ei hjelp i den kristne oppsedinga i heimen. Den inneheld forteljingar, songar og teikningar, og høver for born i 4-6 årsalderen.

Boka inneheld også ei liste over forteljings- og biletbøker for born, og over plater/kassetar med barnesongar. Ei slik liste kan ein også få på kyrkjekontoret, eller ved å venda seg direkte til IKO's Læremidler A/S, Postboks 6781, St. Olavsplass, Oslo 1, Tlf. (02) 20 86 15. Elles vil eg nemna at dei kristne bok- og musikkhandlane har eit godt utval i både barnebøker, plater og kassetar.

Så til dei 4-åringane som har flytta til Arna, og som vi difor ikkje når med brev: Dei skal sjølvstøtt også få «Mi kyrkjebok»! De er alle hjarteleg velkomne til **Arna kyrkje søndag 22. januar kl. 11.00**. Etter gudstenesta vert det ei kort samling, «kyrkjekaffi/saft». Her inviterer vi spesielt 4-åringane og familiane deira.

Målfrid Sandvik

KONTINGENT 1984

Ved dette nummeret har vi lagt ein postgiroblankett der ein kan betala kontingenten for 1984. Den kan også betalast over bankgiro 8440.21.01856.

Kontingenten er frivillig og er sett til kr. 25 pr år. Vi vil gjerne nå ut til alle husstandane med bladet 9-10 gonger i året, og skal vi kunna makta det, treng vi ei god innbetaling av kontingenten. Det er sjølvstøtt høve til å betala meir enn kr. 25 også.

Økonomien for bladet har gjort det mogeleg å utvida det med fleire sider det siste året. Vi har slutta å senda det ut gjennom postverket i Arna, og på den måten sparar vi mange tusen i utgifter pr. år.

Det er få som har gjeve melding om at dei ikkje får bladet etter den nye omberingsmåten. Der vi får vita det ikkje fungerer, prøver vi å retta opp dette. Vi vil gjera mykje for at bladet når fram til alle husstandane, så vantar bladet hjå nokon, vil vi gjerne ha melding om det.

Bladet vert no og lese inn på kassett for blinde og svaksynte. Vi har hatt litt problem med å koma i kontakt med alle dei som kan ha nytte av dette tilbodet.

Om det no er nokon som ikkje får kassetar men som ynsjer det, vil vi gjerne ha melding om det til eit av kyrkjekontora. Det vil ikkje kosta noko ekstra for dei det gjeld. Dei som ikkje bur i Arna vil framleis få bladet gjennom posten når dei betalar kontingenten.

Marit Stokken og Irene Kroeide til Arna 7. - 19. februar



Songevangelistane Marit Stokken og Irene Kroeide kjem til Arna i tida 7.-19. februar. Dei skal første veka vera i Indre Arna bedehus og andre veka i Ytre Arna kyrkje. Vi er glade for at dei kjem hit. Dei er godt kjende frå møte, song på plater og kassetar og innslag på TV. Mange stader har dei vore med på å visa menneske veien til samfunn med Gud.

Møta i Arna Bedehus

Tysdag 7.2. kl.19.30
Onsdag 8.2. kl.19.30
Torsdag 9.2. kl.19.30
Fredag 10.2. kl.19.30
Laurdag 11.2. kl.19.30
Søndag 12.2. kl.19.00

Møta i Ytre Arna kyrkje

Måndag 13.2. kl.19.30
Tysdag 14.2. kl.19.30
Onsdag 15.2. kl.19.30
Torsdag 16.2. kl.19.30
Fredag 17.2. kl.19.30
Laurdag 18.2. kl.19.30
Søndag 19.2. kl.11.00 (gudsteneste)
Søndag 19.2. kl.19.30

Misjonsfest

i Arna Bedehus
15. januar kl.17.00.

Den tradisjonelle misjonsfesten som N.M.S., N.L.M. og Santalmisjonen går saman om vert i år 15/1 kl. 17.00.

Av programmet nevner vi: Tale av misjonær Sylvia Toppe, lysbilete, song av Arna kyrkjekor, Ten-Sing, mat, kaffi, brus, misjonsoffer.

Hjarteleg velkomne!


Årsfest

Ytre Arna
Kyrkjelyd

Årsfesten for kyrkjelyden vert søndag 5. februar kl.17.00 i Kyrkjelydshuset. Der vil ein få årsmelding og rekneskapsoversyn frå soknerådet. Kyrkjeringen vil ha trekning i utlodninga til inntekt for Kyrkjelydshuset. Ellers vil vi ha fleire programinnslag og vonar å få ein hyggeleg ettermiddag saman.

Alle er velkomne.

Bibelnøtter for barn



Bibelen forteller oss om mange forskjellige mennesker. Her ser du en som opplever noe rart. Tegn fra tall til tall og finn ut hva det er. Kan du huske hva denne profeten het, og hva han gjorde?




Vegvisaren frå s. 1

«Se der Guds lam som bærer verdens synd»

Etter Johannes kom flere vegvisere, arbeidere for Kristus, kristne. Som kristne kan vi si: Jesus

bærer også min synd. Vi kan fortelle det videre, peke på Kristus og si: Jesus er vegen, sannheten og livet!

Måtte Gud hjelpe oss til å bli gode vegvisere!



Disse fire tegningene er hentet fra fire kjente bibelfortellinger, to i Det gamle testamente og to i Det nye testamente. Hvilket bilde hører til hvert av bibelstedene nedenfor. Slå opp i Bibelen din og skriv det riktige bildenummeret utenfor bibeltekstene:

- | | |
|------------------------|----------------------|
| 1, Mos. 28,10-15 | Luk. 15,4-7 |
| Mark. 4,35-41 | 2. Mos. 2,1-10 |

Dr. Odd Hellesøy

vert med på kyrkjelydstreff i Arna bedehus søndag den 29. januar kl.19.30.

Emne: «Frykt og tillit i forhold til medmenneske.»

Song av Elsebeth Reimers Hals.

Vi tar med litt mat kvar.

Vel møtt!


**Helsing
Kyrkjelydstreff-
komitéen**

Barnekor i Haugland bedehus

Det vert starta med barnekor i Haugland bedehus. Vi har øving annankvar søndag etter søndagskulen, ca. kl. 12.00.

Tjuveri

I byrjinga av desember vart handtaka på porten ved Ytre Arna kyrkje stolne.



Kyrkjelydsskulen

inviterer våren 1984 til:

TEMAKVELDAR om dåpen, bibelen og nattverden

3 torsdagskveldar: 26. januar, 2. februar og 9. februar.

Tid: kl. 19.30 - 21.30 (ca)

Stad: Kyrkjelydshuset, Ytre Arna (tett ved kyrkja)

Forelesarar: Harald Sundsbø og Øyvind Øy

Kursavgift: 30 kr.



?

- Kvifor døyper vi borna våre?
- Er alle døypte kristne?
- Kva vil det seia at Bibelen er Guds ord?
- Gjev Bibelen svar på aktuelle spørsmål?
- Kva får vi i nattverden?
- Er det nødvendig å gå til nattverd?



Vi ber om påmelding til desse temakveldane - **helst innan 20. januar.**
Påmelding kan du senda/ringja inn til:

Ytre Arna kyrkjekontor
Peter Jepsensv. 39
5265 YTRE ARNA
Tlf. 24 23 03

eller Arna kyrkjekontor
Borgstova
5160 INDRE ARNA
Tlf. 24 04 00/ 24 02 15

Kurs om **Borna våre** i mars/april

Kurset vil gå over 4 kveldar


- Tema: **1. Barnet er døypt - kva så?**
2. Kven oppdrar borna våre?
3. Korleis kan vi formidla den kristne bodskapen til borna?
4. Vi førebur påskehøgtida i heimen.

Dette er eit kurs for foreldre (og besteforeldre!) og **alle som er interesserte i å arbeida med born.**

Samværet vert truleg på Ådnamarka skule.

Kurset vert kunngjort nærare sidan.

Glimt frå Truslæra:



Bibelen - ei heilag bok og ei perle i litteraturen

Bibelen er ei merkeleg bok. Ho inneheld Guds Ord som kan frelsa ulike menneske i ulike samfunn over heile verda og til alle tider. Samstundes er ho ei perle i verdslitteraturen, med noko av det beste menneske kjenner til innanfor historieskriving, poesi og menneskekjennskap. Det finst ingen andre gamle skrift i verda der teksta er vorten så omhyggjeleg overlevert gjennom fleire tusen år som nettopp Bibelen.

For den kristne kyrkje er Bibelen ei heilag bok. Det vil seia, ho er ikkje berre ei bok, men ei samling av heile 66 ulike skrift. Det gamle testamentet overtok dei kristne frå jødane av di Jesus og apostlane sjølv rekna dette som Guds Ord. Det nye testamentet inneheld det apostoliske vitnemålet om kven Jesus er.

Det finst i dag ingen originale handskrift til nokre delar av Bibelen. Men det skal ikkje få oss til å tru at bibelteksta er upåliteleg. Forskarane har nemleg ei mengd av handskrift, fleire enn det som er vanleg for så gamle bøker. Det eldste handskriftet av heile Det gamle testamentet på hebraisk er frå år 1010, men det oppsiktsvekkande funnet av Dødehavsrullane i 1947 inneheldt fragmentar frå alle gammeltestamentlege skrift (med unntak av Esters bok), og desse synte at bibelteksta var godt overlevert. Alderen på skrifta i Det gamle testamentet er ulik. Nokre er svært gamle. Samlinga av desse bøkene til eit heilagt skrift for jødane vart avslutta seinast år 180 f.Kr., kan hende endå tidlegare. Jesus og apostlane rekna det som Guds Ord, og i talane til Jesus finn ein heile 400 sitat eller hint til Det gamle testamentet.

Men dei fleste handskrifta som er tekne vare på, gjeld Det Nye testamentet. Her har forskarane fleire tusen ulike handskrift å arbeida med, og dei samanliknar for å avgjera kven av dei som er mest påliteleg. Dei eldste handskrifta av heile Det nye testamentet er fra 3-400-talet, men ein har papyrusfragment som går heilt attende til år 150 e.Kr.

Det var oldkyrkja som godkjende dei nytestamentlege skrifta, og i si vurdering la dei vekt på om skriftet kunne førast attende til ein apostel eller ein som stod nær apostlane.

Dei var oppteken av vitnemålet skriftet gav om Jesus. Samlinga av Det nye testamentet slik vi kjenner det, var stort sett ferdig år 200 e.Kr.

Trass i at Bibelen er vorten til på ulike stader og sannsynlegvis over eit tidsrom på 1500 år, har han likevel ein merkeleg einskap. Han har både ei byrjing, eit midtpunkt og ein slutt som er Jesus Kristus sjølv, verda sin Frelsar. Bibelen er Guds Ord som syner oss kva som er sann kristendom, og dei bibelske forfattarane skriv, driven og inspirerte av Den Heilage Ande, det dei fekk openberra av sanningar frå Gud sjølv.

Du er velkommen til Kyrkjelydsskulen sine kurs!

Helsing styret

Familieside

DØYPTE:

Arna sokn:

- 20/11: Christian Haukeland Flølo,
Arild Berentzen, Vegard
Aaland Litangen.
27/11: Elin-Marie Langeland,
døyppt på Voss
04/12: Linn-Terese Kvamme og
Øystein Larsen.
18/12: Carl Aksel Halvorsen,
Veronica Therese
Thunestveit, Ina
Merete Grøttem Solberg

Ytre Arna sokn:

- 04/12: Christian Mohn Nøkling
25/12: Birte Mari Taule

VIGDE:

Arna sokn:

- 17/12: Geir Jakobsen og Magnhild
Daltveit.

DØDE:

Arna sokn:

- 08/11: Margrethe Sigfrida
Valdersnes f. 1905.
14/11: Aagot Aakre f. 1898
16/11: Magnus Holsen f. 1927
17/11: Ludvig Midttun f. 1910
21/11: Magnus Bertin
Herfindal f. 1905.
24/11: Arthur Bernhard
Kristoffer Karlsen f. 1909.
16/12: Ragnvald Leikens f. 1902
26/12: Egil Kjølraug f. 1956

Ytre Arna sokn:

- 10/12: Kåre Andreas Sagstad, f.
1928.

Ofringane i kyrkjelydane

ARNA

- 20.11.: Norges Kr. Student- og
skuleungdomslag:
kr. 2.525,-.
27.11.: Kyrkjelydshuset kr. 1.407,-.
27.11.: Bjørgvin krets
av NKUF kr. 888,-.
04.12.: Kyrkjelydsarb. kr. 1.307,-.
04.12.: Diakonitualet kr. 1.625,-.
11.12.: De 4 Diakoninst. kr. 1.515,-.
11.12.: «Mat til Afrika» kr. 1.916,-.
18.12.: Kyrkjelydshuset kr. 1.021,-.
18.12.: «Mat til Afrika» kr. 1.433,-.
24.12.: Kirkens
Nødhjelp kr. 11.195,-.
25.12.: Det Norske
Misjonsselskap kr. 5.425,-.

- 26.12.: Norsk Misjon blandt
hjemløse kr. 644,-.

YTRE ARNA

- 27.11.: Kyrkjelyds-
arbeidet kr. 953,-.
4.12.: Norges Kr. Ungdoms-
forbund kr. 562,-.
4.12.: Arne Musikforening
(julekonsert) kr. 1.097,-
24.12.: Kirkens Nødhjelpkr. 4.436,-
25.12.: Det Norske Misjons-
selskap kr. 2.357,-.
TRENGEREID:
24.12.: Bergen søndagsskule-
krins kr. 780,-.
26.12.: Det Norske Misjons-
selskap kr. 524,-.

Presten
har
ordet



Øyvind Øy

Inviter til Kyrkjekaffi

I ein del kyrkjelydar praktiserer dei kyrkjekaffi ved at dei inviterer kvarandre heim til ein kopp kaffi etter gudstenesta. Mange opplever det som verdifullt i ei tid då vi synest å ha stadig mindre tid for kvarandre. Det kan difor vere nyttig å presentere denne ideen også i våre kyrkjelydar.

Mange reiser straks den innvendinga at dei er vane med å ha middag på den tid av dagen. Eg vil ikkje med dette øve noko press på dei som av en eller annan grunn synest at dei må ha det slik. Ingen treng å ha vondt samvet fordi dei ikkje kan passe inn kyrkjekaffi i søndagsprogrammet sitt. Dessutan er det så mange andre høve til å skape kontakt som til dømes kyrkjefrukost og ettermiddagskaffi!

Poenget er at vi godt kan tenke på nye måtar til å utvikle det sosiale fellesskapet i kyrkjelydane. Mange går her år etter år og er aldri innom dørene til folk som dei møter regelmesig, og som

dei skulle vere godt kjende med. Vi må arbeide for at det kristne fellesskapet skal vise seg også utanom kyrkjelydshuset.

Spesielt for nye som kjem til kyrkjelydane, vil det kunne verte ei god hjelp på denne måten å få kontakt og verte kjende i kyrkjelydane. Vi ser at det tar lang tid å få vener for dei som kjem nye til kyrkjelydane våre.

Med dette lar eg utfordringa gå vidare. Dei som ser dette som ein måte å bety noko for andre på, kan arbeide vidare med det. Mellom gudsteneste og middag ein søndag kan dette gjerast enkelt og improvisert til glede for mange.

Dei faste søndagene med kyrkjekaffi i Ådnahall går naturleg vis som før, men det kan vere fint å slå av ein prat andre søndagar og.

Møte

ARNA BEDEHUS:

- 22.1. kl.19.00 Møte ved elevar/lærarar frå Bibelskolen på Bildøy.
26.1. Pensjonisttreff kl.17.00.

BETANIA, LONE

- 17.-22.1. Finnmarksveke
21.1. Laurdagssamling
28.-29.1. Betania Ungdomsforening
7.-19.2. Betania Ungdomsforening møteveke.

HAUGLAND BEDEHUS

- 13.,14. og 15.1. Møteveke for Norsk Luthersk Misjonssamband. Talar Johannes Amland.

Soknerådsformann Marit Gilje til Sudan



Soknerådsformannen i Arna, Marit Gilje, reiste til Sudan 2. januar for å vera der i ein arbeidsperiode på 1 1/2 år. Ho er til vanleg lærar og undervisningsinspektør på Ådnamarka skule. Ho var i Sudan som lærar første halvåret av 1981 også.

I den hektiske førjulstida før ho reiste fekk vi ein liten prat med henne om arbeidet ho skulle ta fatt på.

- Kva skal du egentleg gjera i Sudan?

Eg skal vera lærar på den norske skulen i hovudstaden i Sør-Sudan, Juba. Der er det ein nystarta skule for borna til dei tilsette i Kirkens Nødhjelp.

- Kva arbeid driv Kirkens Nødhjelp der?

Kirkens Nødhjelp har eit arbeidsområde i Sør-Sudan som er på størrelse med Finnmark fylke. Dette er eit av dei fattigaste og minst utvikla områda i Afrika. Då K.N. byrja arbeida der i 1974, møtte dei eit svært utarma folk i stor naud. 17 års borgarkrig hadde herja mellom nord og sør, og folk og land bar tydelege merker av dette. Utviklinga låg utruleg langt tilbake i høve til andre områder i Afrika.

K.N. har i gang fleire ulike hjelpeprosjekt i området. Det gjeld m.a. innan jordbruk, helsestell, skule og undervisning, forutan vassprosjekt og mykje meir. Når det gjeld det sistnevnte, er det no bora etter vatn og sett opp vasspumper i ca. 500 landsbyar. Dei som før brukte opptil 7-8 timar dagleg for å henta vatn, kan no henta det i nærleiken, (og attpå til REINT), - eit kollosalt framsteg.

I helsetenesta er K.N. no inne i ein opptrappingsperiode, og endå fleire legar og sjukepleiarar vert sende ut. P.g.a. den enorme fattigdomen, er det mykje feilernæring og einsidig kost (dersom dei i det heile har noko å eta). Borna får ikkje anna mjølk i oppveksten, enn den morsmjølka dei får i dei første leve-månadane. Barnedødeligheten ligg på ca. 40%. Difor legg K.N. stor vinn på førebyggjande arbeid med opplysning både om kosthald og hygiene. Det sistnevnte er også svært dårleg. I det heile er gjennomsnittleg levealder vel 40 år.

Marit fortel ivrig om det arbeidet som vert gjort. Kanskje kan me få nokre rapportar frå henne etter kvart? Dette området er også råka av tørken i Afrika.

- Men kva er det som får deg til å reisa frå trygge Arna til Sudan til 40 grader varme der malariamygen stortrivst og nauda er uendeleg stor?

På mange måtar er det ei interessant utfordring, samstundes som det er meiningsfylt og godt å få vera eit lite ledd i det viktige utviklingsarbeidet K.N. utfører i Sør Sudan. Vi er privilegerte som bur i Noreg og har rikeleg høve til å hjelpa. Dette burde vi gjera, ikkje fyrst og fremst av medkjensle, men avdi det er RETTFERD som skjer når det blir ei utjamning mellom U-land og I-land m.o.t. levestandard.

- Men nyttar det å hjelpa?

Ja, utan tvil. Pengane kjem fram, og dei når svært langt. Jamvel om nauda er stor i dag, hadde ho vore endå større dersom ingen sender hjelp. Ho sa også at når ein ser dei enorme framstega K.N. har vore med og fått i stand, ser ein at det nyttar. Så lat oss Arnafolk hugsa på Marit Gilje i bønene våre! Måtte vi heller ikkje gløyma å senda noko til Kirkens Nødhjelp når vi har høve til det. Dei treng det.

Mange til gudstenester i Julehelga



Her har me teke med nokre glimt fra siste gudstenesta i Arna kyrkje.

Ved gudstenestene var det barnekor som var med og song. Her ser me nokre av dei som er med i Barne-royster i Indre Arna.



I Arna prestegjeld var det 6 gudstenester julekvelden. I Arna kyrkje var det 3, Ytre Arna 2 og på Trengereid ei gudsteneste. Kyrkjene var fullsette kvar gong, slik at det var mellom 1600 og 2000 til stades den kvelden.



I offer til Kirkens Nødhjelp kom det inn tilsamen vel kr. 15.000.-.

«Vern om livet frå Guds skaparhand»

Brev til kyrkjelydane i Bjørgvin bispedøme frå Bjørgvin bispedømeråd

Då lova om sjølbestemt abort vart vedteken av Stortinget i 1978, uttala biskopane i Den norske kyrkja m.a. fylgjande:

«Det er maktpåliggende for kirken å slå fast at den situasjon som nå er oppstått, intet endrer ved det syn kirken har kjempet for. Ifølge Den hellige skrift er mennesket skapt i Guds bilde. Det gjelder også det ufødte liv fra dets begynnelse. Den kristne samvittighet er bundet av Guds ord. En statlig lov røkker ikke ved dette forhold...»

Sidan denne fråsegn vart gjeve, har eit fleirtal i Stortinget avvist endring i abortlova. Og Høgsterett har nyleg slege fast at gjeldande abortlov ikkje er i strid med Noregs grunnlov.

Vi er kjende med at dette har skapt stor uro og uvisse hjå mange. Spørsmålet melder seg: Nyttar det lenger å kjempe for rettsvern for det ufødte liv? Einskilde politikarar og massemedia har slege fast at debatten om abortlova er avslutta. Kampen er tapt. Også på dette område gjeld det at ei lov har haldningsskapande verknad, - det som er lov, vert lett oppfatta som rett.

I denne situasjonen vil Bjørgvin bispedømeråd få venda seg til kyrkjelydane for å streka under at kyrkja sitt syn står fast: Abortlova er i strid med Guds lov og hans gode og heilage vilje. Det biskopane sa om abortlova i 1978, er like aktuelt og like gjeldande i dag. Sjøl om praksis er blitt juridisk lovleg, er det ikkje med det

utan vidare blitt moralsk forsvarleg.

Kampen om rettsvern for det ufødte liv må halda fram. Serleg viktig er det haldningsskapande arbeidet. I denne samanhengen ynskjer vi å minna om trongen for rådgjeving og praktiske hjelpetil-tak for gravide kvinner og ein-slege mødre. Ekte omsorg og varm forståing for vanskelege val- og livssituasjonar må vera haldninga vi møter med. Kyrkjelydar og ein-skilde kristne må sjå si oppgåve og aktivt støtte ei hjelpe- og omsorgsteneste.

Kampen for å verna om liv og helse må drivast på alle omkverve der liv er truga, - også i trafikk-samanheng. Ut frå nestekjærligs-bodet og sosialt ansvar må vi for-sterka kampen mot dei auka rus-giftskadane i dagens samfunn, -mot alle dei kreftene som øyde-legg livet, miljøet, tryggleiken.

Medisinsk og genetisk forskning har skaffa fram kunnskap som gjer det mogleg å eksperimentera og manipulera med livet. Ut frå det kristne menneskesynet må vi klart avvise ein bruk av foster-diagnostikk som ikkje tilkjenner alt menneskeliv det same verdet og det same kravet på rettsvern.

Spørsmål som gjeld livets byr-jing og avslutning rører ved grunnleggjande etiske verdiar. Kyrkja ville sviikte sitt ansvar og si oppgåve om ho ikkje her mana til vaken haldning, og til etiske vurderingar av medisinske prose-dyrar og arbeidsmåtar.

Det gjeld respekt for menneske-verdet. Ærefrykt for livet. Og det står om rettar og interesser til vei-ke, verjelause grupper som ikkje sjølve kan hevde sine krav.

Vi oppmodar kyrkjelydane om å vera på vakt mot trugsmål og undergraving av livsrett og menneskeverd. Og vi ynskjer å

minna om at desse spørsmåla må få sin naturlege plass i kyrkja si forkynning, undervisning og forbønsteneste.

I tru og lydndad mot Gud, - livets Skapar og Herre, vil vi be og arbeida for vekking i folket vårt i høve vårt kristne medansvar for både det ufødde og fødte liv.

Misjonslege Jan Ørnulf Melbostad til Arna 5. februar

Melbostad har ein periode vore misjonær i Bangladesh og ein periode i Bhutan. Gjennom masse-media har vi vorte kjende med arbeidet han har stått i, særleg Bhutan. 5. februar gjestar han Arna. Det vert misjonsfest i Hjunes bedehus kl. 16.00.

Hjarteleg velkomne!

foreninga Bhutan
(Santalmisjonen)

Besøk frå Bildøy

Den nye Bibelskolen på Bildøy i Fjell har vært mye omtalt i det siste. Over 70 studenter er nå på plass i det flotte anlegget på Bildøy, og en del av disse kommer til Arna **søndag 22. januar kl. 19.00.** Møtet med Bibelskolen blir i Indre Arna Bedehus. Elevene vil ta seg av både sang, musikk og andre innslag sammen med bibelskole-lærer Odd Bjarne Skogestad.

STATISTIKK

Det vert ført statistikk i kvart prestegjeld over ulike ting. Frå statistikken for 1983 tek vi med:

	Arna	Ytre Arna
Døypte	92 (105)	28 (34)
Konfirmerte	185 (184)	47 (55)
Vigde i kyrkja	18 (35)	3 (9)
Jordfesta	44 (53)	29 (20)
Utmelde or kyrkje	8 (11)	7 (0)
Innkome ved offer/ kollekt.	128.453 (112.067)	kr. 39.379.- (kr. 31.335.-)

Tala for 1982 står i parantes. På Trengereid kom det inn kr. 5641 i offer (5121).

Nytt frå sokneråda.

ARNA

Val. Arna sokneråd har hatt val på formann, nestformann kasserar og skrivar. Leif Grøteide vart formann, Dagny Klepppestø nestformann, Per Eide kasserar og Solveig Mæstad skrivar.

Organist. Soknerådet tilsette Ingjerd Grøm som vikar i tida 15.11.83 - 15.7.84 medan Vidar Vikøren har studieopp-hald i Frankrike.

Reguleringsplan for Øyrane Sør. Soknerådet hadde fått tilsendt framlegg frå Otterlei og Svarstad om å støtta framlegg om at vegen mellom kyrkja og Borgstova vert stengd for gjennomkøyring til parkeringsplassen. Soknerådet støtta framlegget samrøystes.

Klokkar. Anne Britt Frøyen vil vera med på å dela klokkartenesta i Arna kyrkje frå januar 1984. Ho kjem inn i staden for Marit Gilje.

OM Å VÆRE MED OG SYNGE

Til hilsenen «Vell overstått høytid», vil jeg få lov til å knytte nedennevnte merkander.

Det snakkes (kritiseres) jevnlig at kyrkjelyden er for «lite med» i det som foregår under Gudstjenesten i våre kirker, og det blir av og til hevdet at dette er bedre i andre menigheter (frikirkelige sammenkomster, katolske menigheter o.a.) Noe jeg mener kan bli bedre er bredden i tilslutningen til salmesangen. Jeg må selv holde meg i bass-leiet, og har da ofte problemer med å følge med, dette har jeg konstatert også ved besøk i andre kirker. Jeg minns at det tidligere har vært noe vansker med å følge takten i organistens opplegg i Arna-kirken, men vil ved denne anledning høre om det går an å gjøre noe med tone-leiet. Julaften syns jeg nemlig det var riktig ille, var der kl.15.30. Jeg må presisere at jeg ikke har så god greie på musikk at jeg kan gi meg i kast med noen diskusjon med organisten, og muligens spilles

det etter slik notene er angitt. Får imidlertid ikke det heller til å stemme helt, for en enkel sang som «Det lyser i stille grender» burde det ikke by på problemer for noen å være med på. Men selv denne ble det altså vanskeligheter med. Og den som er så fin, og den som det ellers er en slik glede å få synge!

Har vært med i songlag i mange år, og er således glad i å synge, men det er klart at skal man sitte og irritere seg, og prøve å harke seg igjennom salmene, så blir det lite av det, og noen jubelsang kan det jo slett ikke bli. Som nevnt hører jeg hjemme blant bassene, men jeg kikket rundt meg, og prøvde å lytte, og det var mange som tidde still, både av kvinner og menn, unge og eldre. Vi diskuterte dette også senere i julen og det syns å være enighet blant dem som hadde vært ved Guds-tjenestene på julaften, at salmene ble spilt for sopraner, og dette toneleie er det vel bare en liten prosent av befolkningen som mestrer.

For meg et lite skår i gleden ved en ellers hugnadsfylt time i kirken!

Vennlig hilsen
Johannes Eriksen

Lege i Arna:

Lege
Frøydis Skjelbred Nilsen,
Kommunehuset,
Indre Arna.
Telefon 24 07 00.
Kontortid:
Tirsd., onsd., torsd., fred.

I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.

Kleivland

5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

**Solstrands
Blomsterforretning**
Hollendergt. 4, tlf. 23 20 50

**Solstrand
Begravelsesbyrå**
Herm. Fossgt. 11, tlf. 23 20 50
Alltid til tjeneste

**EPELAND
GARTNERI**
Telefon 24 08 09
Blomsterforretning
Hagesenter
Kransebinderi

Banken i Arna frå 1866

SPAREBANKEN
**VEST**
AVDELING ARNA

— til bygdefolket sitt beste

Skal det vera TV — Elektrisk —
Belysning. Hugs at vi har laveste
pris, og det De kjøper her kan De
få reparert her.

ARNA ELKJØP A/S

Ytre Arna — telefon 24 11 88
Arnatveit — telefo: 24 19 70
Vi er tilsluttet landets største kje-
de av elektriske forretninger
EL-KJØP

VESTLANDSBANKEN
Banken i Arna — for Arna-
folk, der alle kundar, store
som små, er hjarteleg
velkomne.
VESTLANDSBANKEN,
avd. Arna

**EPELAND
BEGRAVELSESBYRÅ**
Telefon 24 08 08
Begravelser og bisettelser
ordnes. Transport med egen
bil. Annonser, sanger, sløy-
fer. Monumenter besørjes
oppsett.



Aut. bilverksted
Aut. dekk-
forhandler

**GODE TILBUD
PÅ DEKK OG
REKVISITA!**

**GOD SERVICE —
RIMELIGE PRISER —
HYGGELIG MILJØ!**

*Velkommen til vår
bensinstasjon!*

Arnatveit Auto Senter

J.B. Myklestad
5260 Indre Arna
Tlf. 24 07 40



Velkommen til kyrkje



- 15/1 **Arna kl. 11.00.** Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til Menighetsfakultetet. Sundagsskule.
Ytre Arna kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Bjørgvin Bispedømeråd.
- 22/1 **Arna kl. 11.00.** Res.kap. Sundsbø. Familiegudsteneste. Takkoffer til kyrkjelydshuset.
Ytre Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
- 29/1 **Arna kl. 11.00.** Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til Bjørgvin Bispedømeråd. Sundagsskule. Kyrkjekaffi.
Trengereid kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø. Nattverd.
- 5/2 **Arna kl. 11.00.** Pastor Hans Jørgen Morvik. Nattverd. Takkoffer til Diakonihøgskulen og Bevegelsen for livsrett og menneskeverd. Sundagsskule.
Arna kl. 19.00. Ungdomsgudsteneste v/res.kap. Sundsbø.
Ytre Arna kl. 11.00. Familiegudsteneste v/res.kap. Sundsbø. Borna sin misjonsdag. Takkoffer til Santalmisjonen. Kyrkjekaffi.
- 12/2 **Arna kl. 11.00.** Sokneprest Øy. Takkoffer til kyrkjelydshuset. Sundagsskule.
Ytre Arna kl. 11.00. Sykehusprest Rasmus Lassen. Nattverd. Takkoffer til Modum bad nervesanatorium.
- 19/2 **Arna kl. 11.00.** Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til bibelselskapet. Sundagsskule. Kyrkjekaffi.
Ytre Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy. Takkoffer til Bibelselskapet.

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.

Redaksjonsnemnd: Sylvi Sæle, Bjørg Risøy, Laila Ueland, Åse Iversen Ragnhild Rein, Harald Sundsbø.

Forretningsfører: Bjørg Hellesøy.

Bladpengar: kr. 25,-.

Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01856.

Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

ARNA PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.

Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00 - 11.30

Torsdag kl. 17.30 - 19.00.

Kyrkjekontoret Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, Peter Jebbensv. 39: Tlf. 24 23 03.

Kontortid: tysdag kl. 17.00 - 18.00.

onsdag og fredag 10.00 - 11.30.

Kyrkjegardane i Arna. Tlf. 24 05 69. **Kontortid:** Månd. - fredag 10 - 11.

Frist for innlevering av stoff til nr. 2: 1. februar